

Bok om ein uvanleg Amer



GRATULASJONAR: Vestnorsk utvandringscenter og Museumssenteret i Hordaland gratulerte dei som har jobba for å realisera boka på boksleppet før jul. Frå venstre: formann i eigarstyret Asbjørn Ystebø, redaktør Rolf Svelling, leiar i veneforeininga Oddmund Skjelvik, forfattar Kjartan Rødland, og tidlegare styreformann i eigarstyret Olav Ståløy.

Foto: Alle foto: Åshild S. F. Thorsen

RADØY: Korleis flytta seks hus frå USA til Sletta på Radøy? Forfattar Kjartan Rødland fortel i ei ny bok om den spesielle Amerikadraummen som vart til Vestnorsk utvandringscenter.

Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

Eigarstyret og venneforeininga til Vestnorsk utvandringscenter står bak boka «Draummen vart verkeleg. Vestnorsk utvandringscenter 1997-2012», som vart sleppt i Emigrantkyrkja like før jul.

– Eit utruleg arbeid

– Dei har dokumentert oppstarten av senteret frå 1997, og har gjort eit utruleg arbeid med å få fram alle som har bidrege til at senteret skulle verta til, seier Åshild S. F. Thorsen, vikarierande avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringscenter.

– Det finst gode bøker, det finst mange nokså vanlege bøker, men det finst ei og anna bok som er heilt nødvendig. Denne boka er det, seier forfattar Kjartan Rødland i ei pressemelding frå Vestnorsk utvandringscenter.

Pionersamfunnet

– Ho er minnet om samfunnet som dei norske pionerane på prærien skapte for seg og sine, med kyrkje, skule, prærieklinikk, rådhus og fengsel. Men det handlar også om ei lita grend i ein liten kommune som på

dugnad og eigen kostnad drog til Amerika og henta heim den norske historia på prærien, i siste liten før minna var borte, seier Rødland.

Dugnad flytta hus over havet

Boka er forteljinga om korleis eit lokalsamfunn, på dugnad, flytta fleire emigranthistoriske hus frå Midtvesten i USA til Sletta på Radøy.

Dette er også historia om korleis Vestnorsk utvandringscenter vart til. Boka er illustrert med bilete frå flytteprosessane, og syner både kyrkjetårn og tømmerveggar på veg over Atlanteren.

Emigrantmiljø på Sletta

Husa vart opphavleg reist av norsk-amerikanske emigrantar i Amerika rundt århundreskiftet 1800-1900, og flytta og atterreist på Sletta på slutten av 1990-ta-

let/byrjinga av 2000-talet. I dag har senteret ei kyrkje, eit rådhus, ein lærarbustad, eit lækjarkontor, ei skulestove, og ikkje minst ei nybyggjarstove som viser korleis ein typisk emigrantbustad kunne sjå ut.

Påminning om sterke band

Sletta på Radøy var ei bygd med stor utvandring til Amerika, og Vestnorsk utvandringscenter har vore, og er, ei påminning om dei sterke banda til landet i vest.

Utvandringscenteret vart ein del av Museumssenteret i Hordaland i 2010 og det er dei som i dag driftar senteret på Sletta. Åshild S. F. Thorsen frå Vestnorsk utvandringscenter rosar arbeidet til bokkomiteen.

Viktig dokumentasjon

– Det er viktig for museet å ha dokumentert historia og starten

på senteret for ettertida. I denne boka får vi forteljinga fortalt frå dei som har vore engasjert heile vegen, seier Thorsen.



ORGANISERTE STOFFET: Rolf Svelling har vore redaktør for boka. Bilde frå boksleppet.

rikadraum



SLETTA: Vestnorsk Utvandringscenter på Sletta

Til sals fleire stader

Den nye boka er å få kjøpt hjå Vestnorsk utvandringscenter, Sletta Handel og sørvistorget til

Radøy kommune i rådhuset på Manger.



ELDSJELER: Styreformann i eigarstyret, Asbjørn Ystebø (til venstre) og forfattar Kjartan Rødland fotografert på boksleppet.

Vi ønskjer
alle våre kundar og
tilsette eit riktig

**Godt
Nyttår!**

.....

NYTTÅRSAFTEN ÅPENT
10-15 (MAT 16)

.....

KNARVIK  **SENER**

Møteplassen for handel og kultur